

# OSTERØY HÅNDBALLAG

ÅRSMELDING 1978.

Inneverande sesong vart for håndballaget kort og avstumpa. Dette var første året jentene skulle prøva seg i P. 19 år. Eg hadde på førehand gitt uttrykk for til Hordaland Handballkrets at eg ønskte Osterøy i den antatt svakaste pulja, dette vart imidlertid problematisk ettersom det berre vart ei pulje med P. 19 år. Dette resulterte i at vi kom saman med lag som Os, BHK, Gular, Årstad o.s.v. Vi var frå byrjinga av nederlagsdømde, dette var i og for seg uvesentleg, men det å spela håndball mot slike kvalitativt betre lag ville medføra ein temmeleg ramponert motivasjon. Vi bestemte oss derfor å trekkja laget frå serien, og heller fortsetja å trenast med henblikk på til neste haust å melde laget opp i dameserien. Der vil vil m.a. koma i ein annan divisjon enn toppлага i Bergensregionen, dette vil gje oss passelegare motstandarar og også fleire kampar.

Eg vil til slutt nemna den gode framgangen til fleire av spelarane på laget, som ved litt finpuss kunne aspirert til kretslaget, dessutan den gode viljen til å trenast. Det er diverre trenarar det skortar på.

Vi får håpe på ny giv til komande haust.

Per Steinar Melås  
form./Osterøy Håndballag